

Årsmøteprotokoll Birtedalen sti- og løypelag 30.03.2019



Det møtte 26 stk på møtet som var på Kvipt Gjestegard.
Årsmøte, servering av gryterett, kaffe, kake og sosialt samver.

Sak1: Val av møteiar

Framlegg: Sverre Valvik

Einstemmig Sverre Valvik.

Sak 2: Val av to til å skrive under protokollen

Forslag: Arne Dag Lassemo og Rune Breivik

Einstemmig Arne Dag Lassemo og Rune Breivik.

Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

Sak 4: Årsmelding for 2018

Sekretær las årsmeldinga.

Ingen merknader til årsmeldinga for 2018.

Sak 5: Rekneskap for 2018

Kasserar la fram rekneskapan for 2018 – underskot på kr 74 166,69.

Liste over eigendelar blei lagt fram.

Revisor las revisjonsberetninga.

Ingen merknader til rekneskapan for 2018.

Sak 6: Val

Karl Petter Evensen la fram valkomiteens framlegg.

Frå styret, Leiv Birger Tovslid, Olav Kvipt og Arve Levang.

Valkomite, John Arthur Johnsen.

Valkomiteens framlegg blei vedteke, gjenval på alle.

Vald år	Styret 2019	På val att - årstal
2018	Grethe Lassemo	2020
2019	Leiv Birger Tovslid	2021
2019	Olav Kvipt	2021
2019	Arve Levang	2021
2018	Sverre Valvik	2020
2018	Revisor, Bertil Gilberg	2020
2019	Valkomitè, John Arthur Johnsen	2021
2018	Valkomitè, Karl Petter Evensen	2020
2018	Løypeansvarleg, Stein Helge Lassemo	

Sak 7: Friviljug løypestønad

- Styrets framlegg er å ikkje endre på beløpet for 2020
- Friviljug stønad, kr 500,- for hytteeigaren + kr 100,- pr vaksen løypebrukar.

Innspel:

Nokon meiner at 100,- kr pr vaksen løypebrukar i tillegg til kr 500,- blir mykje.

209 innbetalingar av friviljug løypestønad i 2018 - korleis vi skal få fleire til å betale?

- Leverer ut lappar på hyttene
- Lappar på basaren
- Gåvekort
- Påminning på Facebook og heimesida
- Tale saman i hyttefelt
- Bruke grunneigarane som mellomledd

Det er ca 800 hytter frå Breivik, Birtedalen, Nesvatn – det er 1 600 likarar på Facebooksida.

Styret har ikkje sendt ut brev i år grunna auk i porto og ikkje oppdaterte adresselister. Evaluere på slutten av året om dette har ført til færre innbetalingar

Vedtak blei samrøystes som framlegg frå styret.

Kr 500,- for hytteeigaren + kr 100,- pr vaksen løypebrukar i friviljug løypestønad for 2020.

Sak 8: Planar for 2019

Styrets framlegg:

- Vedlikehald eksisterande trasèar
- Finmasse på trasèen frå Osen, langs vatnet og opp til Solliåsvegen.
- Birtevatn rundt – planlegging, søknadar, avtaler.....
- Båtopptrekket ved Midttjønn

Birtevatn rundt er eit stort prosjekt. Vi har fått tilsagn etter søknader på kr 70 000,- til prosjektet. Dette er for å dekke kostnader til konsulenthjelp til kart, søknader og hjelp. Vi må lage avtale med grunneigarar.

Båtopptrekket ved Midttjønn, her kan det kanskje leggest opp ein trelem?

Sjølve overgangen her blir og fort fri for sno, må det lagast eit «lø»?

Det hender og at vatnet går over her. Kva kan gjerast med det?

Styrets framlegg er vedteke.

Sak 9: Innkomne saker

Ingen

Underskrifter:

Arne Dag Lassemo



Rune Breivik

